




VESTNES KOMMUNE

# Økonomi- og finansreglement

2022-2025



# Innhold

---

1.	FØREMÅL OG VERKEOMRÅDE .....	2
2.	FINASIELLE MÅLTAL .....	2
3.	BUDSJETT, ØKONOMIPLAN OG KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL .....	3
3.1	Økonomiplan .....	3
3.2	Budsjett .....	3
3.3	Kommuneplanen sin handlingsdel .....	5
3.4	Disponeringsfullmakt og andre fullmakter til kommunedirektøren .....	5
4.	ØKONOMIRAPPORTERING OG BUDSJETTENDRINGAR .....	6
4.1	Økonomirapportering .....	6
4.2	Større investeringsprosjekt .....	6
4.3	Budsjettendringar .....	7
5.	AVSETNING OG BRUK AV FOND .....	7
6.	UTLÅN AV MIDLER .....	8
7.	INNTEKTER OG GEBYRER .....	8
8.	INTERNKONTROLL .....	9
9.	FINANS- OG GJELDSFORVALTNING .....	9
9.2	Generelle rammer og avgrensingar .....	10
9.3	Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar tenkt nytta til driftsføremål .....	10
9.4	Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva .....	11
9.5	Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtaler .....	11
9.6	Rapportering og kontroll .....	12
10.	IKRAFTTREDELSE OG ENDRINGAR .....	13

## 1. FØREMÅL OG VERKEOMRÅDE

---

Kommunestyret har plikt til å vedta egne reglar for økonomiforvaltning og reglar for finans- og gjeldsforvaltning. Dette skal vedtas minst ein gong kvar kommunestyreperiode og er heimla i kommunelova § 14-2.

Kapittel 14 i kommunelova regulerer kommunen sin økonomiforvaltning. I § 14-2 går det fram kva kommunestyret sjølv skal vedta:

- Økonomiplan og årsbudsjett
- Årsrekneskap og årsberetning
- Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi
- Reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement)
- Reglar for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement)

Økonomireglementet gir dei overordna prinsippa for økonomisk styring og forvaltning i Vestnes kommune. Økonomireglementet tek omsyn til kommunelova sine bestemmingar med tilhøyrande forskrifter om økonomi- og finansforvaltning og fastsett nærare reglar for kommunen si forvaltning, styring, kontroll og delegering.

Eit internt økonomireglement vil utfylle økonomireglane i kommunelova med forskrifter, og vil kunne tilpassast behova i den einskilde kommune. Frå 2020 blei alle kommunane pålagde å ha eit økonomireglement, men kommunelova foreslår ikkje nærare krav til økonomireglementet sitt innhald eller form. I kommunelova § 14-1 står det om kommunane sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning:

- Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid.
- Kommunen skal utarbeide samordna og realistiske planer for eige verksemd og økonomi, og for lokalsamfunnet og regionens utvikling.
- Kommunen skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan bli innfridd ved forfall.

I Vestnes kommune er finansreglementet tatt inn som ein del av økonomireglementet.

Kommunedirektøren har fullmakt til å gjennomføre endringar i reglementet som er av teknisk eller administrativ karakter.

Økonomi- og finansreglementet gjeld både for folkevalde organ og for administrasjonen.

## 2. FINANSIELLE MÅLTAL

---

Heimel: Kommuneloven §§ 14-1, 14-2, 14-7, 14-10

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleemna vert teken i vare over tid. For å kunne seie noko om dette, er kommunane pålagde å utarbeide finansielle måltal. Dei finansielle måltala viser kva som skal til for at kommunen skal ha ein sunn utvikling i eigen økonomi over tid. Dei skal støtte opp under ein god og langsiktig økonomisk planlegging, og bli fylgt i høve utarbeiding av budsjett og økonomiplan. I årsberetninga skal det etter kommunelova § 14-7 gjerast greie for forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomisk utviklinga og stillinga ivaretek den økonomiske handleevna over tid.

Dei finansielle måltala skal fastsettast av den einssilde kommune ut frå kommunen sin økonomiske situasjon. Det er kommunestyret som skal vedta finansielle måltal. Vestnes kommune har måltal på følgjande områder:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Driftsreserver/disposisjonsfond

Kva for krav til nivå som skal stillast til dei einssilde finansielle måltala vert bestemt kvart år i samband med arbeidet med budsjett og økonomiplan.

### 3. BUDSJETT, ØKONOMIPLAN OG KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL

---

#### 3.1 Økonomiplan

Heimel: KommuneLoven §§14-2 til 14-4

KommuneLova har krav om at økonomiplana skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei mål og premissar som økonomiplanen bygger på. Dokumentet skal vise utviklinga i kommunen sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar.

Arbeidet med økonomiplanen skal følge dei fristar som kjem fram av kommuneLova § 14-3, og oppstillings- og dokumentasjonskrav til budsjettet som følger av kommuneLova § 14-4.

Økonomiplanen omfattar heile kommunen si verksemd, både drift og investering, og skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplana skal gje ein realistisk oversikt over venta inntekter, venta kostnader og prioriteringar over ei 4-årsperiode.

Økonomiplana og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og være realistisk, fullstendig og oversiktleg.

KommuneLoven skal ved behandlinga av økonomiplana ta stilling til nivået på dei finansielle måltala for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi.

Kommunedirektøren utarbeider framlegg til kommuneLoven sin handlingsdel med økonomiplan. Dette skal vere grunnlag for formannskapet si behandling og innstilling til kommuneLoven. KommuneLoven vedtek økonomiplana.

#### 3.2 Budsjett

Heimel: KommuneLoven §§ 14-1, 14-2 til 14-15

KommuneLova har krav om at årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Dokumentet skal vise utviklinga i kommunen sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjett skal og seie kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.

Kommunedirektøren har ansvar for å utarbeide eit forslag til årsbudsjett som er realistisk og i balanse. Budsjettet skal framstillast i nettobeløp på respektive rammeområder. Årsbudsjettet vil utgjere første år i økonomiplanen.

Formannskapet behandlar forslag til årsbudsjett og kjem med innstilling til kommunestyret. Kommunestyret vedtek årsbudsjettet.

Årsbudsjettet og dei bevillingane som er gitt er bindande, men utbetalingar som kommunen har ein rettsleg plikt til å foreta, skal utbetalst. Slike utbetalingar kan gjerast utan løyving i årsbudsjettet.

Årsbudsjettet sitt innhald og inndeling:

- Årsbudsjettet er ei bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret.
- Kommunestyret sine prioriteringar, samt dei målsettingar og premisser som budsjettet bygger på, skal kome tydeleg fram.
- Budsjettet skal framstillast i eit samla dokument, kor drift- og investeringsbudsjettet inngår. Obligatoriske oppstillingar i tråd med forskrift om årsbudsjett skal inngå i dokumentet.

### 3.2.1 Driftsbudsjett

Driftsbudsjettet sine rammer er nettobevillingar. Det betyr at ramma angir den øvre ramma for utgifter til eit område, fråtrekket inntekter som er direkte relatert til føremålet.

Kommunestyret fordeler bevillingane i driftsbudsjettet på tenesteområdenivå/sektornivå, som er følgjande:

- Sentraladministrasjon
- Oppvekst og kultur
- Helse og omsorg
- Samfunnsutvikling og samskaping
- Inntekter og finans

Detaljbudsjettet skal vere utarbeida før første internrapportering i nytt rekneskapsår. Dei underliggjande budsjettrammene skal følgje opp dei føringane og prioriteringane som kommunestyret har lagt til grunn for tenesteområdene sine budsjettrammer. Kommunedirektøren har disponeringsfullmakt for alle vedtekne budsjettrammer.

### 3.2.2 Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet skal bli vedteken som bruttobevillingar. Det er kommunestyret som vedtek investeringsbudsjettet, og dermed vedtar den øvste ramma for utgifter knytt til den enkelte bevilling. Tilhøyrande inntekter kan ikkje auke ramma til investeringsprosjekta.

For at et innkjøp skal bli klassifisert som ein investering, må det minimum ha ein verdi på 100.000 kr. inkl. mva. og ein økonomisk levetid på minst tre år. Innkjøp med lågare beløpsverdi eller levetid blir definert som ein driftsutgift og kan dermed ikkje lånefinansierast. Om ei anskaffing er investering eller ikkje må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det følger av forskrifta at vedlikehald førast i driftsregnskapet og påkostningar i investeringsregnskapet, jf. budsjett- og regnskapsforskriften § 2-3.

Inndeling av investeringsbudsjettet skal vere per prosjekt. Enkeltprosjekt med ei brutto investeringsramme på over 25 mill. kroner skal leggst fram som eiga sak til politisk behandling.

Investeringsbudsjettet er ettårig. Investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår, må takast inn i investeringsbudsjettet berre med den delen av utgiftene som er venta i det aktuelle budsjettåret. Løyvingar til resterande del av utgiftene til eit fleirårig prosjekt må deretter takast inn i dei påfølgjande budsjettåra i takt med prosjektet sin framdrift. Samstundes inneber dette at vedtak om total kostnadsramme for fleirårige

enkeltprosjekt må gjevast som tillegg til den obligatoriske oppstillinga av investeringsbudsjettet, og utgiftene må fordelast på dei enkelte år i økonomiplanen.

Ubrukte bevillingar frå tidlegare år må bevilles av kommunestyret på nytt i budsjettåret for å kunne bli brukt. Ved overgang til neste budsjettår kan kommunedirektøren vidareføre ubrukne bevillingar frå fjoråret i påvente av ny bevilling. Dette for å sikre framdrift i pågåande investeringsprosjekt.

### 3.3 Kommuneplanen sin handlingsdel

Heimel: Plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd og kommuneloven § 14-4 femte ledd.

Kommuneplanens handlingsdel skal ta stilling til dei langsiktige utfordringar, mål og strategien for kommunesamfunnets om heilheit og kommunen som organisasjon. Handlingsdelen gir grunnlag for kommunen sine prioriteringar av ressursar, planlegging- og samarbeidsoppgåver, og konkretiserer tiltak innfor kommunen sine økonomiske rammar.

Kommuneplanens handlingsdel skal reviderast årleg. Handlingsdelen skal angi korleis plana skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra. Handlingsdelen vil inngå i økonomiplana.

Tenesteområda reviderer sine respektive planer årleg og gjev innspel til kommunedirektøren si skisse. Det er kommunestyret som vedtek samla prioriteringar og oppfølging av planane for dei neste fire åra.

### 3.4 Disponeringsfullmakt og andre fullmakter til kommunedirektøren

Heimel: Kommuneloven §§ 13-1 og 14-5, samt forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

Kommunedirektøren har disponeringsfullmakt innafor dei rammene som kommunestyret har vedteke i årsbudsjettet. Kommunedirektøren kan difor disponere og fordele innanfor dei budsjetttrammer som er vedteken. Kommunedirektøren kan også overføre deler av ei bevilling i driftsbudsjettet til å finansiere utgifter i investeringsrekneskapen. Dette gjeld så langt kommunestyret ikkje har vedteken noko anna.

I samband med årsavslutninga av rekneskapen har kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre naudsynte strykningar i driftsrekneskapen etter kapittel 4 i forskrifta. Ved delvise strykningar delegerast kommunedirektøren mynde til sjølv å avgjere rekkefølga innanfor føresegnene i forskrifta kapittel 4.

Kommunedirektøren har fullmakt til å gjennomføre økonomiske transaksjonar i kommunen sin daglege drift innafor ein kvar tid gjeldande lovar, forskrifter, reglement og vedtak.

Kommunedirektøren har tilvisningsfullmakt for alle føremål og tenesteområde. Det betyr at kommunedirektøren kan tilvise beløp til utbetaling innanfor alle område, og då gå god for at ein disposisjon som belastar kommunekassa er innafor disponible rammer. Anvisningsmynde gjeld ikkje ved anvisning av eigne rekningar, eller kor inhabilitet kan bli gjort gjeldande.

Kommunedirektøren kan berre vidaredelegere disponeringsfullmakt og tilvisningsfullmakt til leiarar og andre som er underlagt eigen instruksjonsmynde.

Kommunestyret kan gi disponeringsfullmakt til andre enn kommunedirektøren.

Kommunedirektøren kan vidaredelegere mynde til avgjersle i alle saker som kommunedirektøren i medhald av økonomi- og finansreglementet er gitt mynde til å fatte vedtak i.

## 4. ØKONOMIRAPPORTERING OG BUDSJETTENDRINGAR

---

### 4.1 Økonomirapportering

Heimel: Kommuneloven §§ 14-3, 14-5, 14-7 og 14-13

Kommunedirektøren har ansvaret for at rapporteringa skjer i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og etter gjeldande lovar og forskrifter. Kommunedirektøren skal minst rapportere to gonger i året til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter, samanlikna med årsbudsjettet. Det skal rapporterast på same nivået som budsjettet er vedteken. Rapporteringstidspunkt vil normalt vere etter første og andre tertial, og vil då bli lagt fram politisk i juni og oktober. I tillegg kjem årsrapporten, som består av årsrekneskap, årberetning samt anna relevant informasjon og analyser utover det som er minstekravet etter lov og forskrift. Fristen for å avlegge årsrekneskapen er 22. februar og frist for å utarbeide årsberetninga er 31. mars. Årsrapporten skal handsamast politisk innan 30. juni.

Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef, som vidare rapporterer til kommunedirektøren.

Kommunedirektøren gjennomfører normalt månadlege rekneskapsrapportering internt i organisasjonen.

Tertialrapporten skal beskrive den økonomiske utviklinga og utviklinga i tenesteproduksjonen samanlikna med budsjett og aktivitetsplanar. Rapporten skal innehalde ei samanstilling av budsjett, akkumulert rekneskap og prognose for året. Dersom det ligg an til avvik skal dette forklarast, og forslag til naudsynte mottiltak skal kome fram. Rapporten skal og innehalde opplysningar om andre relevante forhold med konsekvensar for drifta. Døme på dette kan vere sjukefråvær, demografi/befolkningsendringar og tilsyn.

I tertialrapporten skal det også rapporterast på investeringsprosjekta, kor rekneskap, budsjett og prognose blir lagt fram. Her skal det rapporterast mot vedteken investeringsbudsjett og om budsjetttrammene må korrigerast for året. Videre skal det rapporterast på framdrift og totalramme for større, fleirårige investeringsprosjekt.

I delen som omhandlar finansrapportering, skal finansreglementet bli fylgt opp gjennom å rapportere på forvaltning av finansielle midlar og gjeld. Her er fokus å rapportere på finansiell risiko, gjeldsforvaltning og likviditet til kommunen.

Kommunedirektøren pliktar å rapportere til formannskapet, og evt. vidare til kommunestyret, dersom det oppstår ekstraordinære kostnader eller inntekter mellom rapporteringstidspunkta.

### 4.2 Større investeringsprosjekt

Alle investeringsprosjektet skal rapporterast på i tertialrapporten. For større investeringsprosjekt, med ei kostnadsramme på over 25 mill. kroner, skal det etter at prosjektet er ferdig/tatt i bruk utarbeidast ein eigen sluttrapport med prosjektrekneskap. Rapporten vil mellom anna ta utgangspunkt i kommunestyret si bevilling og vere ei utgreiing for sluttresultatet i høve vedteke føresetnader.

Sluttrapporten/prosjektrekneskapen skal behandlast i Kontrollutvalet som gjev uttale før behandling i formannskap og kommunestyret.

### 4.3 Budsjettendringar

Det er berre kommunestyret som kan vedta endringar i dei budsjetttramma dei sjølv har vedteke. Det er formannskapet som skal innstille til alle slike budsjettendringar.

Kommunedirektøren har mynde til å gjennomføre budsjettendringar som ikkje har noko form for prioritering i seg. Slike endringar kan også gjennomføre på tvers av dei budsjetttrammene som er vedteken av kommunestyre. Dette kan til dømes vere midlar avsett til lønnsoppgjer, eller andre tekniske korreksjonar.

Dersom utviklinga på drift- eller investeringsrekneskapen viser vesentlege budsjettavvik, skal kommunedirektøren føreslå endringar i drift- eller investeringsbudsjettet. Kommunestyret har ei plikt til å endre budsjetta når det er nødvendig for å oppfylle lovkravet om realisme og balanse.

Det vert føresett at investeringsprosjekta vert gjennomført innanfor det budsjett som er vedteke. Dersom prognosar under gjennomføringa av prosjektet tilseier eit vesentleg avvik frå vedteke budsjett skal dette rapporterast i eigen sak med forslag til budsjettregulering. Kva som er vesentleg avvik må vurderast ut frå prosjektet si totalramme, men som eit minimum må avviket vere over kroner 300 000 før det vurderast å lage eige sak om budsjettregulering.

Kommunedirektøren kan også fremme eige sak om endring av drift- eller investeringsbudsjetta sjølv om det ikkje føreligg vestlege avvik.

## 5. AVSETNING OG BRUK AV FOND

---

Heimel: forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner §§ 4-1 – 4-6.

### 5.1 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er fritt og kan ikkje øyremerkast eit bestemte føremål. Det disponerast fritt av kommunestyret og det er utarbeida måltal til bruk av og avsetning til disposisjonsfondet.

Krav til bruk eller avsetning til disposisjonsfondet knytt til rekneskapsavslutninga, skal gjennomførast utan vedtak frå kommunestyret og i tråd med budsjett- og rekneskapsforskrifta.

### 5.2 Bundne driftsfond

Kommunen mottar ulike øymerka midlar frå eksterne kjelder. Desse midlane kan ikkje disponerast fritt, men skal disponerast i tråd med krav frå givar. Kommunedirektøren disponerer difor bruken av øymerka tilskot. Kommunedirektøren skal også avsette til eller bruke bundne driftsfond i tråd med føremål og krav til bruk av midlane.

### 5.3 Ubundne investeringsfond

Frie inntekter i investeringsregnskapet kan settast av til ubunden investeringsfond. Frie inntekter kan til døme vere sal av tomter, bygg eller driftsmidlar. Ubunde investeringsfond kan berre blir brukt i investeringsregnskapet. Kommunedirektøren får fullmakt til å kunne avsette frie inntekter i investeringsrekneskapen til ubunde investeringsfond.

Budsjettert avsetning og bruk av ubundne investeringsfond skal gjennomførast i årsavslutninga, men kommunedirektøren skal gjennomføre eventuelle strykingar og disposisjonar i tråd med forskrifta.



## 5.4 Bundne investeringsfond

Midlar bundne av givar til investeringsformål er ikkje å anse som frie og kommunedirektøren skal disponere slike midlar i tråd med givars krav. Dersom midlane ikkje blir nytta fullt ut det året kommunen mottek dei, skal dei settast av til bundne investeringsfond. Slike midlar kan berre nyttas til bestemte formål i investeringsregnskapet. Det kan ikkje settast av frie investeringsmidlar eller frie driftsmidlar til bundne investeringsfond.

## 6. UTLÅN AV MIDLER

---

Heimel: Kommuneloven §14-17 og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner §§ 2-7 og 3-3.

Med utlån vert det her meint både utlån av eigne midlar og til utlån finansiert med lån, såkalla vidareutlån. Sosiale utlån, det vil seie utlån etter sosialtenestelova, blir ført i driftsrekneskapen dersom slike utlån vert finansiert med driftsinntekter. Tilsvarande skal motteke avdrag som er ført i driftsrekneskapen, bli rekna som løpande inntekter. Startlån frå Husbanken er døme på midlar som kommunen vidareutlåner til innbyggjarane. Både utlån og avdrag i samband med startlån blir ført i kommunen sin investeringsrekneskap.

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å gi sosiale utlån innanfor rammene som følger av sosialtenestelova.

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å gi utlån innanfor dei rammer som er vedtekne av kommunestyret. Mynde inneber å sakshandsame og avgjere søknadar om «startlån» innafor vedtekne rammer.

Kommunedirektøren vert også delegert mynde til å avgjere om motteke avdrag på vidareutlån skal brukast til å finansiere avdrag på lån elle nye vidareutlån.

Kommunedirektøren får fullmakt til å vurdere og gjennomføre nedskrivning/avskrivning av utlån ut frå reglar, retningsliner og forskrift.

## 7. INNTEKTER OG GEBYRER

---

Det er ulike reglar for regulering av kommunale gebyr, priser, avgifter og eigenandelar.

For gebyr som følger sjølvkostprinsippet, skal det kvart år bli vedteken eit gebyrregulativ. Det er kommunestyret sjølv som vedtek gebyrane.

For fleire lovpålagte tenester er det heimel i særlov at kommunestyret sjølv skal vedta satsane. Dei tenestene som staten regulerer prisene på, skal ikkje kommunestyret vedta. Øvrige priser, gebyr, avgifter og eigenandelar skal i utgangspunktet justerast med kommunal deflator årleg (løns- og prisvekst). Dersom dei skal auke utover kommunal deflator, skal dette behandlast av kommunestyret.

Kommunestyret skal sjølv vedta prinsipp for prisfastsetting av ikkje-lovpålagte tenester når kommunen fordeler tenester til brukare, og/eller tenestene er helt eller delvis subsidiert med kommunale midlar. Dette kan mellom anna vere priser for utleie av kommunale eigedommar, baneutleige for idrettshallar og idrettsanlegg, billettprisar i kommunale anlegg m.m.

Ved innfordring av forfalte krav blir gebyr og forsinkelsesrenter berekna i samsvar med gjeldande lovverk.

## 8. INTERNKONTROLL

---

Heimel: Kommuneloven §§ 25-1, 25-2

Kommunedirektøren skal syte for at det vert utøvd tilstrekkeleg internkontroll med administrasjonen si verksemd, og har det overordna ansvaret for internkontroll med heile kommunen. Kommunedirektøren sin overordna internkontroll skal vere gjennomgripande, og gå på tvers av alle tenesteområde.

Vestnes kommune nyttar Risk Manager som verktøy knytt til avvik, rutinar, varslingsordningar, ros-analysar med meir. I tillegg har nokon av fagsystema fleire av dei same funksjonane.

Vedtekne reglement og retningsliner inngår i kommunedirektøren sin overordna internkontroll.

Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen si økonomiforvaltning har ei forsvarleg intern styring og kontroll. Det skal etablerast administrative rutinar som sørger for at budsjettoppfølginga er gjenstand for betryggande kontroll og at utøvinga skjer i tråd med budsjettreglementet, samt gjeldande lover og forskrifter.

Einingsleiarane har gjennom kommunedirektøren delegert ansvar for internkontroll for eigen verksemd. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda si størrelse, eigenart, aktivitet og risikoforhold. Tilsvarande har kommunalsjefane dette for deira kommunalområde. Ansvaret for internkontroll skal nedfellast i skriftlege leiaravtaler. Leiaravtalene inngår i kommunedirektøren sin overordna internkontroll.

Kommunedirektøren skal minst ein gong i året rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statleg tilsyn.

## 9. FINANS- OG GJELDSFORVALTNING

---

Heimel: Kommuneloven §§ 14-1, 14-2, 14-13 og Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner.

Alle kommunar skal utarbeide regler for finans- og gjeldsforvaltning (finansreglement). Reglementet skal gi rammer og retningsliner for finansforvaltninga til kommunen. Kommunen skal forvalte sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan bli oppnådd, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og med omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekke løypande betalingsplikter ved forfall og sikre at kommunen sin finansielle stilling i stor grad er føreseieleg.

Føremålet med finansforvaltninga er å sikre ei rimeleg avkastning, samt stabile og lave netto finansieringskostander innanfor definerte risikorammar. Reglementet inneheld regler for korleis kommunen sine finansielle midlar og forpliktingar skal forvaltast, samt kva fullmakter og retningsliner som gjeld for kommunen sin finansielle aktivitet.

Det er kommunestyret sjølv som skal fastsette reglar for finansforvaltninga.

Finansreglementet skal omfatte forvaltning av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette finans- og gjeldsreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtaler
- Plassering og forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

## 9.2 Generelle rammer og avgrensingar

Kommunen sin finansportefølje skal forvaltast heilskapleg kor kommunen søker å oppnå lågast mogleg netto finansutgifter over tid med ein akseptabel risiko. I avveginga mellom lågast mogleg netto finansutgifter og redusert risiko, skal redusert risiko veljast.

- Kommunestyret skal sjølv gjennom vedtak av dette finans- og gjeldsreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansielle risiko
- Reglementet skal baserast på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrumenter.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, herunder kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva. Kommunedirektøren har ein sjølvstendig plikt til å utgreie og legge fram saker for kommunestyret som vert vurdert som prinsipielle.
- Kommunedirektøren skal fortløypande vurdere reglementet sine rammer og avgrensingar, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga vert utøvd forsvarleg i forhold til den risiko kommunen er eksponert for.
- Kommunedirektøren har fullmakt til å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Kommunedirektøren skal med heimel i dette finans- og gjeldsreglement, utarbeide nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei einskilde forvaltningsformer som er i samsvar med kommunen sine overordna økonomibestemmingar.
- Finansielle instrumenter og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillat brukt gjennom dette reglementet, kan ikkje brukast i kommunen si finansforvaltning.

Kommunen kan i si finans- og gjeldsforvaltning nytte seg av *andre finansielle instrumenter*. Slike instrument skal vere konkret angitt under dei enkelte forvaltningsformene og må nyttast innanfor risikorammene for underliggende aktiva eller gjeld, og skal inngå ved berekning av finansiell risiko. Eksempel på dette sjå punkt 8.5.2 om rentesikring.

Eventuelt plassering av kommunen sin midlar i verdipapir, skal skje etter *etiske kriteria*. Så langt det er praktisk mogleg skal desse etiske kriteria også gjelde for plasseringar i verdipapirfond.

## 9.3 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar tenkt nytta til driftsføremål

Med «ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål» meinast middel som skal kunne vere tilgjengeleg for å dekke kommunens betalingskyldnader etter kvart som de forfell innanfor kort og mellomlang tidshorisont. Desse midlane skal forvaltast med låg finansiell risiko og høg likviditet, som i all hovudsak er gjennom plassering i bankinnskot innafor kommunen sin rammeavtale for banktenester.

Kommunedirektøren har fullmakt til å inngå rammeavtale for banktenester (konsernkontoavtale), samt inngå avtale om trekkrettigheter eller ta opp likviditetslån. Det kan gjerast avtale om trekkrettighet eller ta opp likviditetslån ved behov med inntil 80 mill. kroner.

Når det gjeld bankinnskot skal tidsbindinga ikkje bli avtalt for ein periode på meir enn 6 månadar. Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn 10 mill. kroner.

Ledig likviditet utover den likviditet som må vere tilgjengeleg til å dekke kommunen sine løypande forpliktingar dei næraste 30 dagar, blir sett på som overskotslikviditet. Overskotslikviditet kan plasserast i bankinnskot eller i pengemarknadsfond med låg risiko. Plassering av likvide midlar på anna måte enn

bankinnskott skal berre finne sted dersom likviditetsprognose for året tillèt det, og at tilfredsstillande avkastning kan bli oppnådd. Avkastninga blir målt opp mot 3 mnd. NIBOR. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

## 9.4 Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

Vestnes kommune har per i dag ingen langsiktig finansielle aktiva til forvaltning. Det er difor ikkje utarbeida prinsipp/retningsliner for korleis slik forvaltning skal skje. Om Vestnes kommune i framtida skulle få slike midlar må reglementet oppdaterast på dette punktet.

## 9.5 Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtalar

Lånekostnadane har ei vesentleg betydning for kommunen sin økonomi. Forvaltninga av finansiell passiva (gjeldsportefølgja) er difor ein viktig del av kommunen si forvaltning med tanke på å oppnå låge lånekostnader og handtering av risiko for renteendringar.

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode ut frå oppfatningar om framtidig renteutvikling, og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønske om føreseigelegheit og stabilitet i lånekostnadane. Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall.

### 9.5.1 Ramme for låneopptak

Låneopptak skal berre finne sted i høve kommunestyret sitt vedteke investeringsbudsjett og for å dekke likviditetsbehov. Det kan også takast opp lån for å refinansiere eksisterande gjeld, samt innfri garantiforpliktingar.

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det gjennomførast låneopptak, herunder godkjenning av lånevilkår. Kommunens innlån og gjeldsportefølje skal forvaltast etter retningslinene som går fram av dette reglementet, og i tråd med kommunelova §§ 14-14 til 14-18 om låneopptak. Kommunedirektøren gis fullmakt til å kunne gjennomføre låneopptak, herunder val av långivar/finansieringskjelde og lånevilkår. Kommunedirektøren og ordførar gis fullmakt til å signere gjeldsbrev og andre låneavtalar etter lovleg vedtak i kommunestyret.

Ved låneopptak skal kommunen søke etter marknaden sine mest gunstige betingelsar. Det skal innhentast minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långivarar. Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å legge ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gi ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat. Prinsippet kan og fråvikast ved låneopptak i statsbank (til dømes lån i Husbanken).

#### **Rammer for låneopptak og vilkår:**

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Eit enkelt innlån kan ikkje utgjere meir enn 50 % av den totale gjeldsporteføljen
- Lån kan tas opp som direkte lån i offentlige og private finansinstitusjoner, samt i livselskap.
- Det er adgang til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarkedet.
- Lånet kan løype med fast eller flytande rente, og takast opp både med og utan avdrag (bulletlån).
- Finansiering kan og skje gjennom finansiell leasing.

- Den maksimale avdragstida på kommunen sin samla gjeld skal være i samsvar med vedtak og gjeldande regelverk for minimumsavdrag.
- Sertifikat- og obligasjonslån i kapitalmarknaden kan maksimalt utgjere 30 % av samla gjeldsportefølje.

### 9.5.2 Renterisiko og rentesikring

For å oppnå ønska rentebinding, kan kommunen ta i bruk rentesikringsinstrument som framtidige renteavtalar (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrument kan nyttast i den hensikt å endre renteeksponeringa for kommunen si lånegjeld. Det skal berre nyttast større bankar med brei dokumentert erfaring innanfor finansielle derivat som motpart ved slike kontraktar. Formålet med kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontrakten skal vere tilknytt underliggjande lån eller låneportefølje. Blir rentesikring nytta vil det medføre ekstra dokumentasjon og rapportering (jf. KRS 11).

Finansielle derivat nyttast i den hensikt å endre renteeksponeringa for kommunen si lånegjeld. Forutsetningar for å gå inn i slike kontraktar skal vere at ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt tilseier at slik endring er ønskeleg.

#### **Forvaltninga skal leggest opp etter følgande kriteria:**

- a) Refinansierings- og renterisiko skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
- b) Gjennomsnittleg gjenværande rentebinding på samla brutto lånegjeld skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 5 år.
- c) Minimum 1/4 av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (som er definert som rentebinding kortare enn eitt år), minimum 1/4 skal ha fast rente, medan 2/4 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen.
- d) Delen av gjeldsportefølja som har fast rente, bør fordelast i 1 til 15 årssegmentet på ein slik måte at kommunen får lågast mogleg renterisiko.

Ved berekning av nivå på rentebinding, blir formidlingslån, VAR-lån og gjeld med rentekompensasjon haldt utanom berekningsgrunnlaget.

## 9.6 Rapportering og kontroll

Rapportering til kommunestyret om finans- og gjeldsforvaltninga skal innehalde ei beskriving og vurdering av kommunen sin finansielle risiko og avkastning, saman med måla og krava i finansreglementet. Rapporten skal også innehalde ei beskriving og vurdering av eventuelle vesentlege endringar i marknaden og i kommunen sin finansielle risiko. Det skal og bli opplyst om eventuelle avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, og korleis avvika blir handtert.

Kommunedirektøren skal i høve tertialrapportane legge fram status for finans- og gjeldsforvaltninga. I tillegg skal kommunedirektøren etter årets utgang legge fram ein årsrapport for kommunestyret som visar utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane til kommunestyret skal minimum innehalde det som står i finansforskrifta § 8:

- a) vise korleis dei finansielle midlane er samansett og marknadsv verdien av dem, både samla og for kvar gruppe av midlar.
- b) vise korleis dei finansielle forplikingar er samansett og verdien av dem, både samla og for kvar gruppe av forplikingar
- c) opplyse om dei finansielle forpliktelsenes løpetid, og om verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månadar

- d) opplyse om aktuelle marknadsrenter og kommunens egne rentebetingelser
- e) opplyse om forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplysast om, jf. punkt 8.5.1 og 8.5.2.

I tillegg skal den samla finans- og gjeldsforvaltninga ved kvar rapportering stresstestest. Dette blir gjort gjennom ei «netto» gjeldsbetraktning som viser kommunen sin renterisiko ved 1 prosentpoeng endring i den norske rentekurva. Nettogjeld betyr i denne samanheng brutto gjeld fråtrekket gebyrgrunnlag VA, lån med rentekompensasjon og formidlingslån i Husbanken.

Ved avvik mellom faktisk finansforvaltning og finans- og gjeldsreglementet sine rammer, skal slikt avvik lukkast så snart som mogleg. Avviket slik det har oppstått, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket, skal utan ugrunna opphald rapporterast til kommunestyret saman med forslag til rutineendringar som vil redusere risikoen for slikt avvik i framtida.

Dersom Vestnes kommune skulle få langsiktige finansielle aktiva til forvaltning, vil reglementet måtte oppdaterast i forhold til korleis det skal rapporterast kring dette.

#### 9.6.1 Kvalitetssikring og administrative rutiner

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ein finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og reglene i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet. Kommunedirektøren vert pålagt ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtar nytt økonomi- og finansreglement. I denne samanhengen skal det og rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.

Det skal etablerast administrative rutinar som sørger for at finansforvaltninga blir utøvd i samsvar med finansreglementet, gjeldande lovar og forskrift, og at finansforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll. Det skal herunder etablerast rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

## 10. IKRAFTTREDELSE OG ENDRINGAR

---

Reglementet trer i kraft straks etter det er vedteken.

Reglementet kan berre endrast av kommunestyret sjølv. Økonomi- og finansreglementet skal bli vedtatt minst for kvar kommunestyreperiode. Ved overgang til ny kommunestyreperiode, er gjeldande økonomi- og finansreglement frå førre kommunestyreperiode gjeldande fram til det nye kommunestyret har vedteken nytt økonomi – og finansreglement.